

# SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval                                      | Type | Dato       |
|--------|--|------|------------|
| 004/23 | Eldrerådet                                 | PS   | 16.02.2023 |
| 012/23 | Formannskapet                              | PS   | 15.02.2023 |
| 012/23 | Heradsstyret                               | PS   | 22.02.2023 |
| 004/23 | Råd for menneske med nedsett funksjonsevne | PS   | 16.02.2023 |
| 006/23 | Ungdomsråd                                 | PS   | 09.01.2023 |

| Saksbehandlar              | ArkivsakID |
|----------------------------|------------|
| Linda Judith Svidal Nordås | 22/3782    |

## Eigarskapsmelding Idrettsanlegg

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Det skal leggst fram ei eigarskapsmelding om idrettsanlegg for behandling i Heradsstyret.

Eigarskapsmeldinga skal

- Presentere konsekvensane av om kommunen eller idrettslaga eig idrettsanlegga.
- Legge fram forslag til korleis kommunen skal innrette dei økonomiske verkemidlane ein nyttar for utvikling, vedlikehald og drift til anlegga. Dette gjeld (1) drifts- og vedlikehaldsmidlane, (2) leigekontraktar mellom enkelte idrettslag og Osterøy kommune, (3) dekning av straumutgifter og (4) kommunale tilskot til utvikling og rehabilitering av anlegg.
- På grunnlag av disse to punkta, legge fram ei tilråding om kommunen eller laga skal eige anlegga.

Arbeidsgruppa for Kommunedelplanen i idrett og fysisk aktivitet får utvida sitt mandat til å utarbeide denne eigarskapsmeldinga.

2. Idrettskonsulent Ingri Thomassen vert valt inn som ein del av arbeidsgruppa både for eigarskapsmeldinga og for Kommunedelplanen i Idrett og fysisk aktivitet.

## Ungdomsråd - 006/23

### UR - behandling:

Leiar for Kultur og mangfald gjekk gjennom saka.

### UR - vedtak:

Ungdomsrådet støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak. Samrøystes vedteke.

## Formannskapet - 012/23

### **FS - behandling:**

#### **AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke

### **FS - vedtak:**

Det skal leggst fram ei eigarskapsmelding om idrettsanlegg for behandling i Heradsstyret.

#### **Eigarskapsmeldinga skal**

- Presentere konsekvensane av om kommunen eller idrettslaga eig idrettsanlegga.
- Legge fram forslag til korleis kommunen skal innrette dei økonomiske verkemidlane ein nyttar for utvikling, vedlikehald og drift til anlegga. Dette gjeld (1) drifts- og vedlikehaldsmidlane, (2) leigekontraktar mellom enkelte idrettslag og Osterøy kommune, (3) dekning av straumutgifter og (4) kommunale tilskot til utvikling og rehabilitering av anlegg.
- På grunnlag av disse to punkta, legge fram ei tilråding om kommunen eller laga skal eige anlegga.

Arbeidsgruppa for Kommunedelplanen i idrett og fysisk aktivitet får utvida sitt mandat til å utarbeide denne eigarskapsmeldinga.

Idrettskonsulent Ingri Thomassen vert valt inn som ein del av arbeidsgruppa både for eigarskapsmeldinga og for Kommunedelplanen i Idrett og fysisk aktivitet.

## Eldrerrådet - 004/23

### **ELD - behandling:**

Rådet synast det er svært positivt at det no kjem ein eigarskapsmelding for dette. Utover det som allereie ligg som ein del av saksframlegget har ikkje rådet nokre meir å tilføye saka.

### **ELD - vedtak:**

1. Det skal leggst fram ei eigarskapsmelding om idrettsanlegg for behandling i Heradsstyret.

#### **Eigarskapsmeldinga skal**

- Presentere konsekvensane av om kommunen eller idrettslaga eig idrettsanlegga.
- Legge fram forslag til korleis kommunen skal innrette dei økonomiske verkemidlane ein nyttar for utvikling, vedlikehald og drift til anlegga. Dette gjeld (1) drifts- og vedlikehaldsmidlane, (2) leigekontraktar mellom enkelte idrettslag og Osterøy kommune, (3) dekning av straumutgifter og (4) kommunale tilskot til utvikling og rehabilitering av anlegg.
- På grunnlag av disse to punkta, legge fram ei tilråding om kommunen eller laga skal eige anlegga.

Arbeidsgruppa for Kommunedelplanen i idrett og fysisk aktivitet får utvida sitt mandat til å utarbeide denne eigarskapsmeldinga.

2. Idrettskonsulent Ingri Thomassen vert valt inn som ein del av arbeidsgruppa både for eigarskapsmeldinga og for Kommunedelplanen i Idrett og fysisk aktivitet.

### **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 004/23**

#### **RFF - behandling:**

Rådet synast det er svært positivt at det no kjem ein eigarskapsmelding for dette. Utover det som allereie ligg som ein del av saksframlegget har ikkje rådet nokre meir å tilføye saka.

#### **RFF - vedtak:**

1. Det skal leggest fram ei eigarskapsmelding om idrettsanlegg for behandling i Heradsstyret.

#### **Eigarskapsmeldinga skal**

- Presentere konsekvensane av om kommunen eller idrettslaga eig idrettsanlegga.
- Legge fram forslag til korleis kommunen skal innrette dei økonomiske verkemidlane ein nyttar for utvikling, vedlikehald og drift til anlegga. Dette gjeld (1) drifts- og vedlikehaldsmidlane, (2) leigekontraktar mellom enkelte idrettslag og Osterøy kommune, (3) dekning av straumutgifter og (4) kommunale tilskot til utvikling og rehabilitering av anlegg.
- På grunnlag av disse to punkta, legge fram ei tilråding om kommunen eller laga skal eige anlegga.

Arbeidsgruppa for Kommunedelplanen i idrett og fysisk aktivitet får utvida sitt mandat til å utarbeide denne eigarskapsmeldinga.

2. Idrettskonsulent Ingri Thomassen vert valt inn som ein del av arbeidsgruppa både for eigarskapsmeldinga og for Kommunedelplanen i Idrett og fysisk aktivitet.

### **Heradsstyret - 012/23**

#### **HS - behandling:**

Framlegg og avrøysting kjem fram i voteringsprotokollen som ligg ved nedst i den samla møteprotokollen.

#### **HS - vedtak:**

Det skal leggest fram ei eigarskapsmelding om idrettsanlegg for behandling i Heradsstyret.

Eigarskapsmeldinga skal

- Presentere konsekvensane av om kommunen eller idrettslaga eig idrettsanlegga.
- Legge fram forslag til korleis kommunen skal innrette dei økonomiske verkemidlane ein nyttar for utvikling, vedlikehald og drift til anlegga. Dette gjeld (1) drifts- og vedlikehaldsmidlane, (2) leigekontraktar mellom enkelte idrettslag og Osterøy kommune, (3) dekning av straumutgifter og (4) kommunale tilskot til utvikling og rehabilitering av anlegg.
- På grunnlag av disse to punkta, legge fram ei tilråding om kommunen eller laga skal eige anlegga.

Arbeidsgruppa for Kommunedelplanen i idrett og fysisk aktivitet får utvida sitt mandat til å utarbeide denne eigarskapsmeldinga.

Idrettskonsulent Ingri Thomassen vert valt inn som ein del av arbeidsgruppa både for eigarskapsmeldinga og for Kommunedelplanen i Idrett og fysisk aktivitet.

Osterøy har og vil i framtida kunne få andre typar idrettsanlegg som til dømes ridehall, ridebane, motorsportanlegg, rulleskianlegg osv. Eigarskapsmeldinga må difor ha ei drøfting av korleis nye anlegg skal handsamast for å kunne verte ein del av lista og få spelemiddelfinansiering/ anna finansiering på lik line med eksisterande anlegg.

Grunngjeving: Osterøy kommune har mange fine idrettsanlegg spreidd rundt i kommunen. Eigarskapsmeldinga er eit viktig instrument for å sikre ei fornuftig framdrift vidare, og kva politikk og løysingar som skal ligge til grunn for framtidens anlegg og løysingar. Samstundes har kommunen andre idrettsgreiner med aktive miljø, som ikkje ligg under ordninga som eigarskapsmeldinga skal rette seg mot per i dag. For å leggje til rette for ei god utvikling for eit breiast mogleg tilbod må me og ta omsyn til desse andre aktivitetane i eigarskapsmeldinga når denne no vert utarbeidd.

### **Saksopplysningar:**

#### **Saksopplysningar:**

Arbeidet med Kommunedelplanen i Idrett og fysisk aktivitet har avdekka at Idrettsanlegga våre har uavklarte eigarforhold.

Den som søker spelemidlar, eig anlegget (jamfør retningslinjer for søknader om spelemidlar). Reglane for MVA-kompensasjon vart endra rundt 2015 – da kunne lag og organisasjonar søke sjølve. Dette medførte at Osterøy kommune i stor grad ikkje eigde spelemiddelsøknadane, og konsekvensen er då at deler av eit anlegg kan vere eigd av eit lag, medan resten er eigd av kommunen. Ein konsekvens kan då vere at banedekket eksempelvis er eigd av laget, medan lysanlegget er eigd av kommunen.

Vi ser òg at det ikkje nødvendigvis er samanheng mellom oppføringane i anleggsregisteret (tilskotsportal for spelemiddelsøknader, kulturdepartementet eig registeret) og dei lokale avtalane mellom idrettslaga og kommunen.

Dei økonomiske verkemidlane som kommunen har for å støtte idrettsanlegga, har vore uendra over fleire år. Dette inkluderer den konkrete summen som vert gjeve i drifts- og vedlikehaldsmidlar. Rådmannen vurderer at det er hensiktsmessig å nytte anledninga til å sjå på dei økonomiske verkemidlane og at endringar her vert i verk sett frå budsjettåret 2024.

Sidan arbeidsgruppa for KDP Idrett og fysisk aktivitet vart valt, har Osterøy kommune tilsett ungdoms- og idrettskonsulent. Rådmannen vurderer at det er hensiktsmessig at ho vert formelt valt inn i arbeidsgruppa. Per i dag deltek ho på møta, men berre som observatør.

Arbeidsgruppe for Kommunedelplan Idrett og fysisk aktivitet og arbeidsgruppe som kan arbeide fram eigarskapsmelding, består då av:

Linda Svidal Nordås – Leiar kultur og mangfald

Wenche-Mari Bliksås – Planfagleg oppfølging

Ingri Thomassen – Ungdoms- og idrettskonsulent

Henrik Styve Mjelde – Representant valt av ungdomsrådet

Jarle Hanstveit – Representant frå Eldrerådet og Rådet for personar med nedsett funksjonsevne

Øyvind Litland – Politisk representant

Helge Edvardsdal – Politisk representant

Idrettslaga må ha anledning til å komme med innspel i forkant av at eigarskapsmeldinga vert sendt til behandling i Heradsstyret. Deira innspel skal følgje saka til behandling i Heradsstyret.

### **Bakgrunn**

Det er behov for ein klargjering av kven som skal eige idrettsanlegga i Osterøy kommune. Det må vere samanheng mellom avtalene om leige av grunn anlegga står på, anleggsregisteret og faktiske praktiske forhold. Vidare må Osterøy kommune sin praksis vere i tråd med lover, forskrifter og rettleiarar, både dei sentrale gjevne, men òg rettleiarar i dei ulike idrettsgreinene.

### **Vurdering**

Folkehelse: Det er god folkehelse å sikre innbyggjarane tilgang på idrettsanlegg.

Miljø: Kunstgrasbanene våre skal rehabiliterast. Å ha rydda i dette er sentralt for å sikre avklarte forhold.

Økonomi: Det er til både Osterøy kommune og Idrettslaga sitt beste at ein gjer nye vurderingar av praksis slik denne har utvikla seg, og tilpassast til tida vi lever i.

### **Konklusjon**

Det vert utarbeidd ei eigarskapsmelding for idrettsanlegg. Denne legg grunnlaget for at Kommunedelplanen i Idrett og fysisk aktivitet vert gjort klar for politisk behandling og høyring.